

PRESISERING AV MANDAT.

KULTURLANDSKAPSPROSJEKT (KPR)

1. Målet for arbeidet er å fremje det sjølvgåande husdybaserte landbruket samt ta vare på mest muleg av dei autentiske kulturlandskapskvalitetane innafor – og i randsoner til verdsarvområdet Vestnorske fjordlandskap (VFL).
2. Arbeidet har eit kortsiktig- og eit langsiktig perspektiv: På kort sikt er det kritisk viktig å få styrka finansieringa og utvida verkeområdet i eksisterande tiltaksplan. Særs viktig å få etablert midlar til investeringar i driftsbygningar. På sikt er det aktuelt å ta initiativ til å utvikle ein norsk pilot for ein eigen «landbrukspolitik» for VFL etter modell frå Sveits/Austerrike. Det kortsiktige skal ha 1. prioritet medan det langsiktige har 2. prioritet. Arbeidet kan, om tilgjengelege ressursar tillet det, gå parallelt.
3. Arbeidet skal organiserast som eit 1,5 - årig prosjekt med tilsetting av prosjektleiar, styringsgruppe og ei referansegruppe. Verdsarvrådet (VAR) er prosjekteigar og styringsgruppe. Referansegruppa skal bestå av noverande arbeidsgruppe i tillegg til min. 2 aktive bønder.
4. Prosjektet skal samarbeide tett med relevante forvaltningsmynde (t.d. verneområdestyre), næringsorganisasjonar, ideelle frivillige organisasjonar, andre forskingsprosjekt m.m. Prosjektet skal kunne knyte til seg fagmiljø innafor FOU etter behov.
5. Referansegruppa og sekretariatet – heretter kalla **Kulturlandskapsprosjektet (KPR)** - får fullmakt til å gå i dialog med fylkeskommunar , primærkommunar , fylkesmenn og eventuelt andre om finansiering av prosjektarbeidet. KPR får vidare i oppgåve å tilsette prosjektleiar og godkjenne ein framdriftsplan.
6. KPR skal rapportere fortløpande til VAR. Sluttrapport på piloten skal leverast seinast 1. juni 2019.

Revidert framlegg til mandat pr. 061217.

Erling Oppheim

Sekretariatet